

Det kjem fortløpande meldingar og bilete via satellitt som fortel korleis det går med ekspedisjonen over Grønland som uskedelingen og geologen Sølvi Eik er med på.

Så langt har turen gått utan problem. På ekspedisjonens dag nummer 2 gjorde dei unna så mykje som 13,3 kilometer.

Dei klarte å komma seg opp over hovuddelen av brefallet og er no heilt i slutten av dette. Det flatar ut heilt oppe på plataet og då blir det mykje lettare å ta seg fram..

Ruta på den andre dagen gjekk litt mot nord for at dei skulle unngå dei verste sprekkane. Når dei kjem opp på plataet legg dei kursen mot aust - mot ein nedlagt amerikansk base frå den kalde krigens dagar.

Alle har det svært bra og dei har vore kjempeheldige med veret. Det har vore mykje vind, men strålande sol og behageleg temperatur. Ekspedisjonen slog etter dag nummer 2 leir 930 meter over havet og det går vidare oppover. Rutinen no er at dei går 35 minuttar og så tek 7 minuttar pause, noko som passar alle bra.

Ekspedisjonen har ikkje vermelding, men langtidsvarsel og det er optimistisk for dagane som kjem. Heile turen er over 600 kilometer!

Av Ola Matti Mathisen